

*Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.*

*Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.*



## Møtebok frå AU-møte 26. august 2014

Protokoll: Møte i arbeidsutvalet

Møtedato: 26.08.2014

Tid: 10:00-11:15

Møteleiar: Mona Haugland Hellesnes

Møtestad: Telefonmøte

Referent: Adelheid Nes

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen, Kjell Hansen, Lars Olsen.

Forfall: Knut-Arne Gurigard

Sakliste:

AU 24/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

AU 25/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 28. mai 2014

AU 26/14 Utgreiing Ringeriksbanen

- Kort oppsummering frå møtet med statssekretærane Aarset og Hoksrud 09.07.14
- Bodskap i møtet med Statsråden Ketil Solvik Olsen i Bergen 02.09.14
- Strategi for vidare arbeid med Ringeriksbanen

AU 27/14 Orienteringssaker:

- KVU Arna-Voss: Status
- Møte m. Guri Melby, Samferdselsbyråd i Oslo
- Ny nettside klar for publisering
- Vurdering av behov for analyse/utgreiing
- Neste års jernbaneforum

AU 28/14 Møtedato og -stad for neste AU og FNB årsmøte 2014

AU 29/14 Eventuelt

### AU 24/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet vart varsle gjennom Outlook 6. august. Innkalling og sakliste vart sendt ut 19. august. Møtepapira vart sendt ut 21. august.

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjende.*

### AU 25/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møtet 28. mai

*Vedtak: Møteboka frå AU-møtet 28. mai vart godkjent.*

## AU 26/14 Utgreiing Ringeriksbanen

Kort oppsummering frå «Ringeriksgjengen» sitt møte med statssekretærane John-Ragnar Aarset og Bård Hoksrød 9. juli:

- Møtet vart avvikla i ein positiv og fin tone, og kom i stand for å følgje opp JBV/SVV si delutgreiing om Ringeriksbanen der den vidare planprosessen var ein viktig del av innhaldet
- Statsrådane stiller seg positive til mesteparten av innhaldet i delutgreiinga, men gav ikkje til kjenne konkrete tankar om korleis dette skulle følgjast opp i form av beslutningar og krav til den vidare planprosessen.
- Følgjande punkt var hovudbodskapen frå Ringerike i dette møtet:
  - Ringeriksregionen er svært tilfreds med at både Jernbaneverket og Statens vegvesen no tilrår at bygginga av ny E16 og Ringeriksbanen bør skje som et felles prosjekt.
  - Tilrådinga om statleg plan er logisk og velbegrunna.
  - Ringeriksregionen er ikkje tilfreds med at statsetatane vil stille innsigelsesbehandlinga for E16 i bero. Dette arbeidet bør begynne no, slik at ein raskt kan fatte vedtak om desse forholda når trasévalet blir tatt.
  - Ringeriksregionen er svært skuffa over at statsetatane tilrår ein planprosess som fører til at byggestart ikkje blir før i 2022. Regionen vil sterkt fråråde dette.
  - Det må velgjast ein planprosess som fører raskare fram til byggestart for desse viktige prosjekta. Regionen sitt krav er at tidsplan med byggestart i 2018/19 framleis skal vere gjeldande.

Det vart gitt konkrete råd for korleis ein kan oppnå ein raskare planprosess og byggestart 2018/19. Råda dreier seg i hovudsak om rettidige og raske beslutningar, klare tidsrammer, fastsetting av ansvarlig myndighet for planprosessen, unngå utsetjing av innsigelsesbehandling for E16, samt å ikkje gå vegen om kommunedelplan, men planlegge etter forskrift om konsekvensutgreiing (føreta traséval basert på planprogram og konsekvensutgreiing, og deretter gå rett på reguleringsplan).

Bodskap i møtet med Statsråd Ketil Solsvik Olsen i Bergen 02.09.14:

I dette møtet er det naturleg å gjenta og poengtere dei same momenta som i møtet som er referert over. Dvs. at vi gjentar at vi er svært tilfreds med prosessen og samarbeidet mellom JBV og SVV, med konklusjonane om felles trasé og prosjektgjennomføring, samt bruk av statleg plan. Imidlertid er det svært viktig å få fram at vi meiner ambisjonane om ein betydeleg effektivisering av planprosessen ikkje er møtt. Og ikkje minst: skal ein få til effektivisering må også departementet på banen og ta sin del av ansvaret i form av klare mandat og tydelege krav, samt tett oppfølging og eigarskap til prosessen. Det er dessutan eit stort poeng at regjeringa har gått på val, og vunne valet, på eit klart mål om ein vesentleg reduksjon i planleggingstid. Ringeriksbanen er eit særdeles godt eigna prosjekt for å vise at ein får til dette.

Vi bør også poengtere at Ringeriksbanen saman med E16 er eit svært godt prosjekt for alternativ finansiering og organisering.

Til slutt er det naturleg å vise til den sterke støtta Ringeriksbanen har også her vestpå, og at ein investering i Ringeriksbanen er ein investering som også kjem vestlandet til gode.

Det bør vere eit mål for regjeringa å vise handlekraft ved å få på plass Ringeriksbanen etter 150 år med sommel!

#### Vedtak:

*Adelheid utarbeider forslag til brev til Samferdselsministeren, med kopi til sentrale politikarar. Brevet bør signerast breiast mogeleg, gjerne med både Forumet, Bergensalliansen og Bergen Næringsråd. Dette for å vise at Ringeriksbanen har brei støtte også på vestlandet.*

*Adelheid utarbeider vidare forslag til kronikk. Kronikken bør vere tufta på dei same momenta som vi tar opp i møtet med statsråden, samt den store samfunnssnytten som er knytt til Ringeriksbanen, og bør ut i samband med Bergen Næringsråd sin årlege transport og logistikkonferanse 2. september i Bergen.*

*Forumet tek sikte på å arrangere eit nytt frukostmøte i Stortinget etter same lest som møtet hausten 2012, samt eit møte på Litteraturhuset i Bergen så snart det let seg gjere, med Bergensbanen som tema.*

## AU 27/14    Orienteringssaker

### KVU Arna-Voss

KVU Arna-Voss er for tida gjenstand for ekstern kvalitetssikring KS1 i hht. Finansdepartementets retningslinjer. KS1 rapporten vil bli ferdigstilt rundt juletider. Forumet er intervjua av Oslo Economics og har dermed fått gitt sine innspel i KS1-prosessen. Hans Erik Ringkjøb opplyste under same saka om ein mulighetsstudie for Voss og Vaksdal der fylkesmannen er med og støttar med midlar. Mulighetsstudien skal lysast ut med det første.

### Møte m. Guri Melby, Samferdselsbyråd i Oslo

Mona og Adelheid har hatt møte med Guri Melby og hennar stab. Mona presenterte FNB, og Oslo vart oppfordra til å bli medlemmar. Møtet vart følgt opp med ein formell invitasjon og saksunderlag vart oversendt slik at byråden kan følgje opp og legge saka fram for beslutning i eige byråd.

### Ny nettside klar for publisering

I fjor vart det inngått avtale med Kreator om rammeverk og mal for ny nettside. Nettsida er no fylt med innhald, og vil bli publisert i løpet av september.

### Vurdering av behov for analyse/utgreiing

Det blir fortløpande vurdert om FNB skal initiere eigne analysar og eller utgreiingar. Vurderinga er at det ikkje er aktuelt akkurat no, men at behovet kan bli aktualisert når JBV/SVV kjem med si utgreiing av Ringeriksbanen 31. oktober.

### Neste års jernbaneforum

Neste års jernbaneforum skal behandlast på neste møte i samarbeidsgruppa, og følgjande innspel til aktuelle tema vart gitt i møtet:

- EUs jernbanepakke, innføring i 2019, konsekvensar for Norge, vår rolle og påvirkningsmulighet
- Internasjonale trendar
- Overordna blikk på InterCity-utbygginga, konsekvensar og muligheter

*Vedtak: AU tok orienteringa til etterretning*

## **AU 28/14 Møtedato og -stad for neste AU og FNB årsmøte 2014**

*Vedtak: Årsmøtet vert arrangert på Geilo 27. november. Neste AU prøver vi å legge til Ringerike, 8.-9. oktober.*

## **AU 29/14 Eventuelt**

Til orientering: Henning Warloe er ny byråd for miljø- og byutvikling i Bergen kommune. Mona og Adelheid vil ta kontakt med han for å informere om forumet, og han vil bli invitert til neste AU-møte.